Informasjon frå vetlestova, april 2019

Tilbakeblikk på mars:

Flott at så mange tok seg tid til å komma på fastelavns-arrangementet.

Barna har fått god erfaring med leik og aktivitet i snøen. Snøen gjev barna god grov- motorisk stimulering. Me har hatt turar i nærmiljøet, der me har sett på revespor og harespor.

På utkledningsfesten var det mange flotte skapningar å sjå i barnehagen.

Barnehagedagen vart markert med temaet «eg lurer på». Ministjernene lurte på kva som skjedde når me hadde snø inne i samlinga. Me laga slusj, is, farga snøen og såg når den smelta. Småstjernegruppa eksperimenterte med natron, eddik og konditorfarge og det vart ein vulkan. Såg kva som flaut og sank.

Besøk av tannpleiar, der barna fekk sjå og kjenne på utstyr som ho hadde med seg. Dei var veldig konsentrert i samlinga som ho hadde. Ho var veldig fornøgd då ho spurte barna kva dei drakk, og fekk vatn og mjølk til svar. Dei har leika med lommelykt og sett inn i munn til oss voksne på avdelinga. Me har sankka om Karius og Baktus i samlinga.

Førstehjelpsveka: sjå og høyre om «Henry» i samlinga. Leika med plaster og bandasje i frileiken.

Deling av gruppa er alltid vellukka. Det same er samarbeidet med storestova og stova.

Plan for april:

Språk, sjølvstendigheitstrening, motorisk stimulering og sosialkompetanse jobbar me med kvar dag.

Påske: rammeplan seier at barna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Me har valgt å legge vekt på nytt liv: med å måle på egg, sjå om me får reir i fuglekassane og besøke Tage Nondal som har høner og kyllingar. Me syng om kyllingen som ligg i egget. Småstjernene vil saman med resten av barnehagen besøke og få omvisning i kyrkja, 9.4.19. Er det nokon som ikkje vil at barnet skal delta i kyrkjebesøket må de sei ifrå.

Nava Jyoti, sosialt entreprenørskap: Fokusere på barnehagen vår i India som me støttar. Synge «Me tek kvarandres hender». Me skal ha utlodding ved Buedn den 11.4. Me på vetlestova går å kjøper lodd. Barna kan ta med seg 25,- om de vil vera med å støtta Nava Jyoti.

Onsdag 24.4 serverar me middag til alle foreldre og syskjen. Det er frivillig om ein vil betale, alle er velkommen. Me heng ein konvolutt i vindfanget som de kan legge peng i. Middagen vert servert ute.

YMSE

Barnehagen er stengt 5.4. Personalet har planleggingsdag

Egg. Barna må ta med seg reine, utblåste egg som me skal måla på. Stikk hol i toppen og botn på egget, blås ut innhaldet og skyll egget reint.

Solkrem: fint om de smør barna med solkrem om morgon (dei dagane det er sol). Me smør dei til andre uteøkt. Ta med eigen solkrem om de vil, elles brukar me barnehagen sin.

Utviklingssamtale: skriv dykk opp på lista som heng i gangen.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Helsing Stine, Gerd, Malene, Kristine, Ingrid og Inger Helene